



Møre og Romsdal fylke



Det Kongelige Miljøverndepartement
Postboks 8013 Dep
0030 Oslo

Dykkar ref: _____ Dykkar dato: _____ Vår ref: _____ Vår saksbehandlar: _____ Vår dato: _____
MR 21320/2006/CS1/&13 Hilde Hernes Hovland, 71 25 88 62 17.11.2006

Uttale frå Møre og Romsdal fylke - Høring om dekning av utgifter til arkeologiske undersøkelser ved mindre, private tiltak

Fylkesutvalet behandla i møte 30.10.06 sak U-149/06 "Uttale frå Møre og Romsdal fylke - Høring om dekning av utgifter til arkeologiske undersøkelser ved mindre, private tiltak", og gjorde følgjande samrøystes vedtak:


Fylkesutvalet tek høyringsuttalen til vitande, men vil streke under at forslaget må gjelde alle §9 tiltak som er av mindre private karakter.

Møre og Romsdal fylke stiller seg positiv til den endra praksis i forhold til §10 som departementet legg opp til.

Vi meiner likevel at forslaget er lite omfattande og berre vil kome svært få til gode. Møre og Romsdal meiner difor at denne ordninga også burde vore gjort gjeldande for andre typar tiltak, både større private og offentlege. Slik det er no tar kommunane arkeologiske område ut av reguleringsplanar, og det kan også vere funn som ikkje er varsla.

Den stadig negative fokuseringa på kostnadsdekning ved arkeologiske registreringar vil neppe bli mindre med det nye forslaget som vil bli altfor lite omfattande/generelt."

Med helsing


Jon Aasen
fylkesordførar


Arvid Blindheim
kulturdirektør

Vedlegg:

- Sak U-149/06

saksframlegg

Dato: 12.10.2006 Referanse: MR 19002/2006 Vår saksbehandlar: Bjørn Ringstad

Saksnr
46/06
U-149/06

Utval
Kulturutvalet
Fylkesutvalet

Møtedato
25.10.2006
30.10.2006

Uttale frå Møre og Romsdal fylke - Høring om dekning av utgifter til arkeologiske undersøkelser ved mindre private tiltak

Bakgrunn

- ./ Viser til brev av 23.08.06 frå Det Kongelige Miljøverndepartement: "Nytt rundskriv om dekninga av utgifter til arkeologiske undersøkelser ved mindre, private tiltak. Høring" med høringsfrist 11.10.06.
- ./ Viser også til vårt brev til Miljøverndepartementet datert 09.10.06: "Høring: Nytt rundskriv om dekning av utgifter til arkeologiske undersøkelser ved mindre, private tiltak" som er førebels svar i høve høringsfristen.

Forslag til vedtak:

Fylkesutvalet tek høringsuttalen til vitande.

Behandling i - Kulturutvalet

Veslemøy Hungnes, H, gjorde framlegg om følgjande tillegg til innstillinga:

" , men vil streke under at forslaget må gjelde alle §9 tiltak som er av mindre private tiltak."

Det blei først røysta over innstillinga frå kulturdirektøren.

Den blei samrøystes vedteke.

Deretter blei det røysta over framlegget frå Veslemøy Hungnes.

Det blei samrøystes vedteke.

Samrøystes vedtak i Kulturutvalet - 25.10.2006

Fylkesutvalet tek høringsuttalen til vitande, men vil streke under at forslaget må gjelde alle §9 tiltak som er av mindre private tiltak.

Forslag til vedtak:

Fylkesutvalet tek høyringsuttalen til vitande, men vil streke under at forslaget må gjelde alle §9 tiltak som er av mindre private tiltak.

Ottar Brage Guttelvik
Fylkesdirektør

Arvid Blindheim
kulturdirektør